

Samnanger historielag
- *Der gamalt og nytt møtest -*



Dato <u>06.02.23</u>	Adresse <u>Pb. 18, 5653 Årland</u>	Bank <u>3530.20.75784</u>	Org.nr. <u>989 601 725</u>
-------------------------	---------------------------------------	------------------------------	-------------------------------

MEDLEMSBREV FRÅ STYRET I SAMNANGER HISTORIELAG

Gode medlem i historielaget!

Me reknar me at du/de har kosa dykk med årboka de fekk i november!

No er det årsmøtetid, og me ynskjer alle som har høve til å koma velkommen på årsmøte

ONSDAG 22. februar kl.19 på Antons kulturhistoriske senter på Frøland!

- Vanlege årsmøtesaker. Har du noko du vil ta opp på årsmøtet, send melding på e-postadressa eller ring leiaren 93424361 snarast
- Kaffi/te, kringle og god prat
- Kåseri ved leiaren. "Svensken som fann røtene sine på Ådland og i Nordvika"

Vonar det går greitt å nå medlemane våre på ein ny måte; gjennom e-post, eller brev for dei me ikkje har e-postadresse på. Om du har e-postadresse som me ikkje veit om, send ho til samnanger.historielag@outlook.com. Elles når me deg framleis ved å senda eller levera brev.

Dette skrivet gjeld også som **betalingsinnformasjon/faktura** for medlemspengane for 2023,
kontingenten er som før:

- Enkeltmedlemskap med årboka som kjem i november Kr. 250
- Enkeltmedlemskap der årboka **må sendast** i posten Kr. 300

- Familiemedlemskap med ei årbok Kr. 300
- Familiemedlemskap med **sending** av årboka Kr. 350

Summen vert å betala til Samnanger historielag **konto 3530 20 75784**

innan 31.mars -23

Helsing Samnanger historielag

Solvor Aadland, leiar

Årsmelding for Samnanger historielag, år 2022

Tillitsvalde:

Solvor Aadland	leiar
Helge Hisdal	nestleiar
Audhild Aadland Olsnes	skrivar
Solvor Aadland	fungerande kasserar
Inger Johanne Midtun	styremedlem
Trude Stadheim Kulild	styremedlem
Tor Wold	varamedlem Kristian Jørgensen varamedlem

Gisle G. Øye	rekneskapsførar frå okt. 21
Arne Nordbø	revisor

Fondsnemnd: Tone Tysseland Holmefjord, Bjarne Hauge og Audhild Aadland Olsnes

Årboknemnd for årbok 2022: Knut Ådne Røen- redaktør, Kirsten Dalane, Thor Olav Holmefjord (Tor Wold)

Valnemnd: Karin Høysæter Steinsland og Eva Hellevang.

Medlemmar: Historielaget hadde 135 medlemmar ved årskiftet, av dei var 21 familiemedlemskap.

Møte: Laget har hatt fem styremøte og dessutan årsmøte for 2021 08.mars -22

Bokslepp av årboka hos Antons kulturhistoriske senter 15.11.22. 30 frammøtte og innslag ved Solveig Vassenden.

Medlempengar: Årsmøtet gjorde vedtak om at me ikkje skulle krevja inn pengar i 2022, årboka for 2022 skulle sendast ut til alle medlemmane utan krav om betaling. Det var ei

gåve sidan 20 års- jubileumet har vorte utsett. Vidare vart det gjort vedtak om at kontingensten som er medlemspengar inkludert årbok, skal betalast i mars 2023

Aktivitetar i året.

Hadde i mars årsmøte med vanlege årsmøtesaker. Solvor fortalte så om Hagaområdet “Ikkje berre bollar”.

Leiaren hadde stand på Bjørkheim med årbøker under Samningadagen i juni. Dårleg sal, ausande regn.

Laget hadde ein flott tur til Voss der Helge hadde planlagt godt. Brynjulf Hernes snakka på bussen om områda me køyrde gjennom, solid frukost på ungdomsherberget, ei interessant omvisning og ei spennande fortejling frå farne tider ved styraren på Mølstertunet. Ein stad ein gjerne kan ta turen opp att!

På Hedleberget gav den flinke drivaren oss god underhaldning og viste oss korleis det vart flotte heller av store steinblokker. Voss er som kjent eit område der det har vore stor helleproduksjon. Mange hadde arbeidet sitt i steinbrota, men no er det nesten slutt.

Nydeleg og spesiell betasuppe, med både flatbrød, sirup og gamalost. Ein opplevelsesrik tur. Denne gongen var det svært vanskeleg å få nok turdeltakarar. Skal det verta fleire turar, må folk verta flinkare å meld seg på.

Den kulturhistoriske gruppa til laget har hatt to turar frå Raunekleiva og opp til der dei tok ut og tørka torv i gamle dagar og vidare til husmannsplassen Nysætebotn. Fotogruppa laga til flott fotoutstilling på Biblioteket med hovudvekt på Rolvsågområdet og litt frå andre stadar. Svært mykje folk innom, framover heng det framleis ei lita gruppe biletar, som vert skifta ut etter ei tid. Gled oss til vidare utstillingar, neste gong vert Høysæter hovedtema.

Årboknemnda har også i år fått med mykje og variert stoff frå tidlegare tider. Endå eit år med spennande lesnad! På Antons kulturhistoriske senter var det Bokslepp av Årbok 2022 i november. 30 personar møtte til ein kjekk kveld der Solveig Vassenden tok oss med til husmannsplassen Tøene der fleire av forfedrene hennar kom frå. Også i årboka var det mellom anna skrive mykje om husmannsplassar, eit tema som vil koma meir om seinare, både i årboka og med turar i laget.

Takk til alle som står bak årboka! Elles takk til alle som støttar arbeidet til historielaget på ulike måtar og takk for godt samarbeid med Antons kulturhistoriske senter.

For styret, Audhild Aadland Olsnes, skrivar.